



## **Prosjektgruppemøte E-helse Vestland**

**Tid:** 17.02.21 kl. 12.00 – 15.30

**Stad:** Teams

### **Til stades:**

Marta Strandos, USHT Sogn og Fjordane

Inger E. Grotle, Alarmsentralen i Florø

Per Waardal, USHT Hordaland

Bodil Berg Kristensen, USHT Hordaland

Hilde Cornelliussen, Vestlandsforskning

Janne Bjorheim Bøe, HVL

Sigrun Perez, Seksjonsleiar Fagforbundet

Solrun Hauglum, Vaksdal kommune

Oddvin Neset, Masfjorden kommune

Åslaug Botnen, Kvam Herad

Kristin Bruland, Sunnfjord kommune

John Olaf Røhme, Luster kommune

Kjersti Valvik, Fjaler kommune

Kari Bjørkheim, Prosjektleiar E- helse Vestland

Annette Norevik, Kjell Olav Bondevik, Gro Løvik og Anita L. Sævild, Prosjektmedarbeidarar i E- Helse Vestland

### **Ikkje til stades:**

Barbro Longva, Stad kommune

Eva M. Halvorsen, Pensjonistforbundet

Kari Støfringsdal, Helse Vest IKT

Nils Ingvald Halle, IKTNH

Saksnr.	Agenda/Saksinformatjon	Konklusjon/Oppfølging	Ansvar/ Frist
17/21	<b>Gjennomgang av referat frå møtet 13.01.21</b>	Gjennomgang av referat og godkjent. Referat blir sendt ut på postlistene til kommunane	Annette E. Norevik Frist innan 01.03
18/21	<p><b>Status/ Framdrift i prosjektet og arbeidspakkane pr. februar 2021</b></p> <p>Velferdsteknologi skal være i aktivt bruk i alle kommunar, og være satsingsområde. Prosjektet E-helse Vestland er på mange måte ei vidareføring av det Nasjonale velferdsteknologiprogrammet (NVP). E-helse Vestland skal bidra til å nå målet om at alle kommunar i Vestland skal ha innført velferdsteknologiske tenester.</p> <p>Prosjektet E-helse skal bidra til at fylket blir meir koordinert og at kommunane får bistand dei sjølv opplever dei treng for å innføre velferdsteknologiske tenester.</p> <p>Velferdsteknologi er ei teneste i kontinuerleg utvikling og det er derfor fokus på å identifisera og utvida tenestene til nye tenesteområde</p> <p><b>Arbeidspakke 1: Forsterka effekten av NVP og dyrke fram Vestlandsnettverket</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prioritert handlingsplan, sjå sak 19/21</li> <li>• Vidareføre mål og strategiar i NVP <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rapportering til NVP for 2020 – spreingsprosjektet</li> </ul> </li> </ul>		

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ny søknad til NVP for 2021 – overgang til drift. Inneheld ulike milepælar som ein skal rapportera på.</li> <li>• Motverke einsemd hos eldre             <ul style="list-style-type: none"> <li>• Rapportering for 2020. Frist 1. april</li> <li>• Ny søknad 2021</li> </ul> </li> <li>• Helsenæringsmeldinga             <ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbeid næringsliv</li> <li>• Helsemesse hausten (mogleg i september?) 2021</li> </ul> </li> <li>• Søknad om opptak i NVP om velferdsteknologi til barn og unge med funksjonsnedsetting. Søknadsfrist var 05.02. Det var 19 prosjekt som hadde søkt. E- helse Vestland har vore på intervju 16.02.21. 8 kommunar i E- helse Vestland har meldt seg som spydspisskommunar i dette nasjonale programmet. E – Helse Vestland har teke kontakt med ungdomsrådet i Helse Bergen for å få dei inn i arbeidet. Målet er å bidra til spreiring og implementering av kunnskap som er blitt opparbeida og utprøvd i føregående fase av den nasjonale satsinga. Slik at velferdsteknologiske løysningar skal kunne bli en del av tenestetilbodet til barn og unge. Krav til prosjekta er at ein skal etablera arenaer og arbeida med å få på plass tverrfagleg og tverrsektorelt samarbeid, gevinstarbeid, samarbeid med USHT, leiarforankra samarbeidsavtalar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vente no på svar på søknaden, og håper å få svar i byrjinga av mars. Når svaret føreligg må det etablerast arbeidsgruppe</li> </ul>	
--	--	--	--

	<p>"Tenketanken" gruppa blei sett ned i Vestlandsprosjektet og skulle utgreie tilstanden i kommunane knytt til velferdsteknologi til menneske med nedsett funksjonsevne. Det er utarbeida ein rapport etter arbeidet deira i 2019. Rapporten ligg på heimesida til Vestlandsprosjektet. Denne rapporten hadde tilsvarande funn som i rapporten frå NVP. Arbeidet i denne gruppa kjem til å halde fram, og det er ynskeleg å få med representantar frå region Sogn og Fjordane inn i gruppa.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er komen tilbakemeldingar frå kommunane om behov for vegleiing/ opplæring i sakshandsaming knytt til velferdsteknologi. Vart gjennomført eit innspelsmøte der representantar frå kommunar i heile Vestland deltok. Innspela blei sendt til NVP med førespurnad om prosessvegleriing. Temaet blir også ein eigen milepæl i NVP i 2021.</li> <li>• DPIA – gruppa blir vidareført som ei eiga arbeidsgruppe i 2021. Gruppa gjennomførte eit Webinar 21.01. PP ligg på heimesida til Vestlandsprosjektet. <a href="#">Gjennomført webinar personvern og informasjonssikkerheit – Vestlandsprosjektet</a> Det er også utarbeida malar knytt til DPIA, som også ligg på heimesida. <a href="#">Utarbeiding av DPIA-malar for Vestlandsprosjekt-kommunane – Vestlandsprosjektet.</a></li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det skal vera ein Workshop/Webinar 9.mars med PA – consulting. Agenda kjem seinare. Mogleg å melde seg på Webinaret via heimesida til Vestlandsprosjektet. <a href="#">Hendingar for mars 2021 – Vestlandsprosjektet.</a> Målgruppe for Workshop er beslutningstakarar, sakshandsamarar og andre som kartlegg velferdsteknologi, ressurspersonar, systemansvarlege EPJ.</li> </ul>	
--	---	---	--

**Arbeidspakke 2: Identifisera nye prioriterte område mot 2025**

- **Digital heimeoppfølging**

Har fått innvilga støtte frå InnoMed. Søknadene ble prioritert mot kriteria for prosessvegleiing, og det er gjort vurderingar i forhold til forankring, risiko og gjenbruksverdi. Det ble vedtatt at E- helse Vestland vil få prosessvegleiing frå InnoMed på inntil 480 timer i 2021. Hadde eit informasjonsmøte 19. januar med InnoMed. Prosjektet vårt er peikt ut som eit satsingsprosjekt på digital heimeoppfølging frå InnoMed si side. Ressursgruppa i InnoMed stille som et krav til prosjektet at ein saman jobbe med å sikre tilstrekkeleg forankring både i Helse Førde og Helse Bergen. Det er viktig at prosjektet med InnoMed ser på moglegheitene for å kople tiltaket til Helse Vest RHF sitt program for digitale tenester, som kan være relevant for prosjektet. Det skal haldast eit arbeidsgruppemøte 23. februar, og skal gjennomførast ein Workshop 16.mars.

Forslag til arbeidsgruppe med representantar frå:  
4 Kommunar, Stad kommune – ressurskommune, Helse Bergen og Helse Førde, Helse Vest IKT, Fastlegar, Brukarrepresentant, HTV – tillitsvald, Responsteneste og medarbeidarar frå E-helse Vestland.

**Arbeidspakke 3 Nettverk og responscenter**

Det er starta opp arbeidsgruppe, som blir restarta igjen på grunn av mykje arbeid knytt til søknad til forskingsrådet.

	No skal ein arbeide med å starte opp nettverk for responsentertjeneste, og setja mål på kva ein skal oppnå i nettverket. Her deltek også kommunar som ikkje er med i E- helse Vestland (Bergen og Øygarden kommune). Forskingssøknad til forskingsrådet er sendt i dag, 17.02.		
19/21	<b>Innspel til prioritert handlingsplan 2021</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ønsker at USHT si rolle (både Sogn og Fjordane og Hordaland) knytt til kompetanseutvikling inn i handlingsplanen for 2021</li> </ul>	Innspel blir teken med vidare i arbeid med handlingsplanen som skal vera klar til søknadsfristen til Statsforvaltaren	Søknadsgruppa Frist 01.03
20/21	<b>Rapportering av tilskot 2020</b> Det skal rapporterast knytt til tilskotet ein fekk i 2020. Innspel: <ul style="list-style-type: none"> <li>- Har skapt ein arena med mange ulike aktørar som kjem saman og det fører til auka samarbeid. Som igjen gjev ringverknader utover prosjektet sine mål. Blant anna har det allereie resultert i ein forskningssøknad.</li> <li>- Har akkurat starta samarbeidet og har oppnådd resultat, men dette er eit langsiktig arbeid og må fortsette for å få oppfylt heile potensiale.</li> </ul>	Innspel blir teken med i rapporteringa	
21/21	<b>Søknad tilskot 2021</b> Søknadsfrist til Statsforvaltaren er 1.mars. Målgruppe er kommunar m/samarbeidspartar. Målet er at skjønsmidlane til prosjektskjøn skal bidra til fornying og utvikling i kommunane. Føremålet er å gi kommunane støtte til å prøve ut nye løysingar i dei ulike tenesteområda for å gjere tenestene betre for innbyggjarane, få meir lokal fridom, og mindre administrasjon og detaljstyring.	Søknadsgruppa held på å utarbeide ny søknad	Søknadsgruppa Frist 01.03

	Kriteria er at det skal vera nye løysingar, overføringsverdi av prosjektet, forankring i kommuneleiinga og tilsette, ikkje driftsoppgåver, kommunane som søker og er ansvarlege, gjennomføra prosjektplan, budsjett, konkretisering av løysingar som skal takast i bruk, synleggjering av måloppnåing jf. Nasjonale mål og føringar.		
22/21	<b>Gjennomgang organisering</b> Viser til organisasjonskart i PP. Helse Bergen og Helse Førde er komne med i prosjektet som eit resultat av arbeid med digital heimeoppfølging.	25.02 skal det haldast eit møte med ansvarleg kommune knytt til samansetting av ulike grupper og setje i drift ei styringsgruppa. Skal utarbeidast/oppdatera mandat til dei ulike gruppene	
23/21	<b>Revidering styringsdokument</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosjektmandat</li> <li>• Prosjektplan</li> <li>• Forankringsplan</li> <li>• Kompetanse- opplæringsplan</li> <li>• Informasjon og - kommunikasjonsplan</li> <li>• Gevinstrealiseringsplan</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Prosjektmandat skal oppdaterast etter at styringsgruppa er sett i drift.</li> <li>• Prosjektplan blir oppdatert etter at søknad til Statsforvaltaren er ferdig.</li> <li>• Den enkelte kommune har utarbeida forankringsplan og gevinstrealiseringsplanar gjennom deltaking i NVP. E- helse Vestland skal ha gjennomgang og utarbeide oversikt/ gevinstrealiseringsplan på området.</li> <li>• Informasjon – og kommunikasjonsplan er under arbeid og blir presentert på neste møte.</li> </ul>	
24/21	<b>Samarbeidsavtaler 2021</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utarbeida utkast av samarbeidsavtaler mellom prosjekteigar og samarbeidspartar</li> </ul>	Avtalane med andre samarbeidspartar blir sendt ut for tilbakemelding direkte med den enkelte frå Sunnfjord kommune.	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>Vidareføring av samarbeidsavtaler mellom kommunar og prosjekta i dei to regionane</li> </ul>	Samarbeidsavtalane er sendt ut via prosjekta knytt til NVP.	
25/21	<p><b>Etablere arbeidsgruppe som arbeider med kompetansekartlegging/behov</b></p> <p>Etablere ei arbeidsgruppe som er tverrfagleg og tverretatleg som skal kartlegge behov og utarbeide ein kompetanseplan.</p> <p>Innspel knytt til arbeidsgruppa:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Det må knytast til dei ulike nivå i kommunane.</li> <li>- Samstundes må ein sjå kva som er behovet, slik at utdanningsinstitusjonane kan legge til rette for å dekke behovet som er der.</li> <li>- Fagforbundet ynskjer å delta i denne arbeidsgruppa</li> <li>- Kommunane må vera representert i gruppa for å kunne spele inn behovet</li> <li>- Det kan vera avgrensingar i kva me kan gjera i prosjektet</li> </ul> <p>Forslag til medlemmer til arbeidsgruppa:          Bodil Kristensen frå USHT Hordland          Representant frå USHT Sogn og Fjordane          Representant frå Vestlandsforskning?          Mari Berge – HVL          Britt Inger Myren – Fagforbundet Masfjorden          Kommunal leiar frå Sunnfjord kommune          Kommunal leiar frå Regionrådet Voss sjukehus          Representant frå arbeidsgruppa Responstenesta.</p>	Setja drift ei arbeidsgruppe når medlemmene er klar. Det skal utarbeidast eit mandat . Tilbakemelding om kommunane om deltakarar til prosjektleiar ila veke 8.	
26/21	<p><b>Opning av heimesida E- helse Vestland 17.02.21</b></p> <p><a href="#">E-helse Vestland</a></p>		



	<ul style="list-style-type: none"><li>- Forslag om at ein skal publisera gode brukarhistorier på heimesida, som er under utarbeiding frå Vestlandsforskning</li><li>- Ønsker innspel og nyhende til administrasjonen frå kommunane og andre samarbeidspartane i E- helse Vestland for deling på heimesida og andre sosiale media</li></ul>		
27/21	<b>Eventuelt</b>	Ingen saker i dette møtet	

Referent: Prosjektmedarbeidar Anita L. Sævild